



KHS / JRM

Samferdsleavdelinga

Sakshandsamar:

Eva Hamre

E-post: eva.hamre@sfj.no

Tlf.: 57638066

Vår ref.

Sak nr.: 15/2679-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

10160/15

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 13.03.2015

LTU 2015

Invitasjon til søknad om prosjektmidlar

Innleiande

Fylkeskommunen har i sin fylkesdelplan for ungdom mål om å få i stand betre og rimelegare kollektivtilbod for ungdom. Dette har vi prøvd å gjere gjennom 3 tilbod:

- Lokale transporttilbod for ungdom
- Trygt heim for ein 50-lapp
- Ungdomskortet

Dei nemnde prosjekta har vore utprøvde sidan 2002 med godt resultat. Fylkestinget har difor løyvd midlar til vidareføring av alle tilboda i 2015.

Lokale transporttilbod for ungdom

Det er sett av 1 million kr som kan nyttast til ei betring av reisetilbodet for ungdom til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddags- og kveldstid. Vi inviterer no kommunane og ungdomsråda i kommunane til å utforme eit skyssopplegg og søke om prosjektmidlar for å få skyssopplegget i gang.

Ber om eit oppsett som viser tildelte midlar mot rekneskapet som er nytta til tilbodet, helst for kvart år, men spesielt for 2013 og 2014.

For ikkje å få stoppe eit godt etablert skyssstilbod, vert restmidlar nytta som finansiering vidare ut i det nye året.

Kort om tankane bak

Det vanlege kollektivtilbodet er heller svakt på ettermiddagar og sein kveldstid. Det kan følgeleg vere vanskeleg for ungdom å nytte det vanlege kollektivtilbodet heim frå fritidsaktivitetar, og det er heller ikkje alltid så lett å komme seg til fritidsaktivitetane. Fylkeskommunen vil gjennom dette tilbodet legge til rette for eit betre skyssstilbod til/frå fritidsaktivitetane, og vi har spesielt i tankane heimskyssen om kvelden både i helgene og i kvardagane.

I tillegg til den reint praktiske og trivselsmessige sida, har tilbodet også ei tryggleiksside der målet er å leggje til rette for trygge skyssstilbod.

Kort om korleis skyssordninga er tenkt



Vi ser først og fremst føre oss fleksible ettermiddags- og kveldsskyssar utført med maxi-taxi eller minibuss. Med fleksible skyssløysingar meiner vi at skyssen vert tinga på førehand, og det vil såleis vere oppslutnaden om tilbodet som er avgjerande for om ruta går. Skyssen treng ikkje gå etter nokon heilt fast rutetrase. Som eit døme kan vi nemne ein heimskyss som vert sett opp frå "Sentrum" til "Dalen" på onsdag når fritidsklubben stengjer, utført med maxi-taxi/minibuss som skyssar heilt opp i byggjefeltet.

Vi er opne for fleire typar skyssløysingar, men ein skal ikkje leggje seg i direkte konkurranse med det vanlege kollektivtilbodet. Dette vil nok ikkje vere noko problem i praksis, i og med at kollektivtilbodet er heller svakt på kveldstid. Transporttenester kan berre kjøpast frå dei som har godkjent løyve for persontransport.

Søknaden og korleis ordninga kan organiserast

Søknaden

Kommunane eller ungdomsråda i kommunane sender søknad til fylkeskommunen.

Søknaden skal innehalde følgjande opplysningar:

- kven som søkjer (kommune, ungdomsråd)
- skyssstilbod til/frå kva for fritidsaktivitet, og kvar dette er
- skyssstilbod til/frå (kva strekning)
- kor ofte, og omtrentleg tidspunkt på kvelden
- periode (haust, vinter, vår)
- kva transporten vil koste (innhente tilbod)
- kor mykje brukarane skal betale for skyssen
- om det er mogeleg å få inn midlar frå andre (t.d. kommunen og/eller frivillige organisasjonar)
- nærare grunngjeving for søknaden (m.a. med tanke på trafikktryggleik)

Søknaden må også innehalde:

- Samla kostnads- og finansieringsplan
- Oppsett på tildelt midlar mot rekneskap for åra før (2012, 2013 og 2014)
- Det er råd å justere opplegget seinare, slik at det m.a. vert tilpassa dei midlane som er disponible.

Organisering

Dersom ein får midlar til prosjektet, skal det etablerast ei prosjektgruppe der representantar for ungdommen er med. Prosjektgruppa har ansvar for å organisere skyssen, og skal sjå om det er mogeleg å få inn midlar også frå andre (t.d. kommunen eller frivillige organisasjonar). Vidare må gruppa bestemme kva brukarane skal betale for skyssen, og ta ansvar for at det i gangsette skyssstilbodet held seg innafor dei midlane ein har til rådvelde. Det ligg såleis ei utfordring i å informere om og skape oppslutnad om sitt lokale prosjekt, slik at ein sikrar eigenfinansiering og slik sørgjer for at prosjektmidlane frå fylkeskommunen rekk lengst mogleg.

Prosjektgruppa må sjølv ta kontakt med dei som skal utføre skyssen (drosjene eller busselskapa). Vi ser føre oss at kommunane hjelper til med det praktiske, og er "bank" for prosjektet.

Søknadsfrist

Søknader må sendast innan **30. april 2015** til

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Samferdsleavdelinga

Askedalen 2

6863 Leikanger

Eller på e-post: eva.hamre@sfj.no

Utbetaling av midlar – krav til rapport

Når eit prosjekt har fått midlar frå fylkeskommunen, kan vedkommande kommune, som då vert "bank" for prosjektet, be om at halvparten av midlane vert utbetalt.

Det må førast prosjektrekneskap. Når prosjektet er godt i gang, og transportopplegget har fungert i 3-4 månader må det lagast ein kort rapport. Denne vert å sende til fylkeskommunen, som då eventuelt betaler ut den siste halvparten av midlane.

Avsluttande merknader

Summen som er avsett (1 mill. kr) rekk nok ikkje til eit fullgodt tilbod for alle, men det er ein god start. Midlane frå fylkeskommunen må betraktast som ei grunnfinansiering for å vidareføre og komme i gang med fleksible transportopplegg for ungdom. Ein bør lokalt også sjå kva kommunen og frivillige organisasjonar kan bidra med.

Vi ser det som viktig at ungdomen lokalt får eit eigarforhold til desse "kveldsskysstiltaka". Dette burde vere ei fin sak for ungdomsråda ute i kommunane, og det kan ligge mykje god lærdom i eit slikt arbeid. Lukke till!

Nærare informasjon

For å få nærare informasjon om tilbodet ta gjerne kontakt med Eva Hamre på telefon 57 65 62 68 og eller på e-post: eva.hamre@sfj.no

Med helsing

Eva Hamre
rådgjevar

Mottakar (ar):

Askvoll kommune Postboks 174, 6988 ASKVOLL
Aurland kommune Vangen 1, 5745 AURLAND
Balestrand kommune Rådhuset, 6899 BALESTRAND
Bremanger kommune Postboks 104, 6721 SVELGEN
Eid kommune Rådhusvegen 11, 6770 NORDFJORDEID
Fjaler kommune Postboks 54, 6961 DALE I SUNNFJORD
Flora kommune Postboks 13, 6901 FLORØ
Førde kommune Postboks 338, 6802 FØRDE
Gaular Kommune 6973 SANDE I SUNNFJORD
Gloppen kommune 6823 SANDANE
Gulen kommune 5966 EIVINDVIK
Hornindal kommune Postboks 24, 6761 HORNINDAL
Hyllestad kommune 6957 HYLLESTAD
Høyanger kommune Postboks 159, 6991 HØYANGER
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
Leikanger kommune 6863 LEIKANGER
Luster kommune 6868 GAUPNE
Lærdal kommune Postboks 83, 6887 LÆRDAL
Naustdal kommune Postboks 43, 6806 NAUSTDAL
Selje kommune 6740 SELJE
Sogndal kommune Postboks 153, 6851 SOGNDAL
Solund kommune Postboks 73, 6921 HARDBAKKE
Stryn kommune Tonningsgata 4, 6783 STRYN
Vik kommune Postboks 134, 6891 VIK I SOGN
Vågsøy kommune Postboks 294, 6701 MÅLØY
Årdal kommune Postboks 40, 6881 ÅRDALSTANGEN

Kopi til:

Kulturavdelinga, Aud Jonstad Baardsen
Norges Taxiforbund, Avd. Sogn og Fjordane v/ Endre Råheim
Opplæringsavdelinga, Siri Merete Nedland
Rutebilselskapa i fylket
Samferdsleutvalet
Trafikktryggingsutvalet
Transportbedriftenes Landsforening, Sogn og Fjordane
Trygg Trafikk v/ Audun Heggstad
TTS
Ungdomspolitisk Utval